



Arkivsak

26/04065-1

Sakshandsamar

Inger Elisabeth Borge

Saksgang

Fylkeskommunalt råd for personer med

funksjonsnedsettelse

Fylkestinget

Møtedato

16.04.2026

06.05.2026

Årsmelding 2025 Råd for personar med funksjonsnedsetjing

Innstilling frå fylkesdirektøren

Årsmelding for Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing 2025 blir godkjend.

Bakgrunn og saksgang

Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjingar er eit rådgivande organ for fylkeskommunen som har som oppgåve å ta vare på interessa til personar med funksjonsnedsetjing. Utsegnene frå rådet skal følgje saksdokumenta til det organet som gjer endeleg vedtak. Alle fylkeskommunar er pliktige å ha eit slikt råd.

I forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom (forskrift om medverknadsordningar) står det i § 2 nest siste ledd følgjande: Råda skal kvart år utarbeide kvar si årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret eller fylkestinget.

Årsmelding blir lagt fram for rådet for innspel og eventuelle justeringar før den endeleg blir vedteken av fylkestinget.

Saksopplysningar

Rådet har i 2025 hatt 5 møter, handsame 68 saker og fått 23 orienteringar. Administrasjonen har utarbeidd forslag til årsmelding. Vedlagt ligg årsmeldinga som viser ei oversikt over aktivitetane til rådet gjennom 2025.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har ingen økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka har ingen direkte konsekvensar for klimamålet i fylket eller FNs bærekraftsmål.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren har ingen fleire merknader.